

**Rammeavtale**  
**mellom**  
**Regionsenteret for Husflidsnæring**  
**og**  
**Hordaland fylkeskommune**

Som del av denne avtale følgjer:

Vedlegg 1: Notat med spesifisering av OPPDRAGET

## **1. Definisjonar**

OPPDRAGET : Som nemnt i punkt 2.1 og vedlegg 1  
OPPDRAGSGIVAR : Hordaland fylkeskommune  
OPPDRAGSTAKAR : Regionsenteret for Husflidsnæring

## **2. Oppdraget**

### 2.1 Føremål for samarbeidet

Regionsenteret for Husflidsnæring skal, i høve rammeavtala, gjennomføre aktivitetar som står opp under Hordaland fylkeskommune sitt arbeid med legge til rette for næringsutvikling i fylket.

### 2.2 Innhald

OPPDRAGET sitt omfang, innhald og forventa resultat er spesifisert i vedlegg 1 til denne avtale.

**Større endringar i OPPDRAGET sitt omfang eller innhald må verte skriftleg avtalt.**

Som tillegg til denne avtale kan partane bli einige om nye oppdrag.

### 2.3 Statusrapportering og levering av rekneskap stadfesta av revisor

**OPPDRAGSTAKAR skal levere statusrapport til OPPDRAGSGIVAR etter første halvår, og seinast innan 1. november kvart år.**

**Innan den 15. april i året etter at OPPDRAG er utført skal OPPDRAGSTAKAR legge frem eit rekneskap for fjorårets OPPDRAG, stadfesta av revisor.**

### **3. Tidslengd**

OPPDRAGET startar 1. januar 2011 og gjeld for ei periode på tre år. Innhaldet i den materielle delen av avtala vil likevel være gjenstand for revisjon kvart år. Sjå og pkt 7. om oppseiing.

Eventuelle endringar i kostnadsramma som følgje av dette må avtalast særskilt.

### **4. Kostnadsramma**

Kostnadsramma for OPPDRAGET går fram av vedlegg 1 til avtala. Ramma spesifiserast kvart år og er avhengig av dei politiske vedtak i Fylkestinget.

Andre nødvendige kostnader i samband med OPPDRAGET betalast av OPPDRAGSTAKAR med mindre anna er skriftleg avtalt med OPPDRAGSGIVAR.

### **5. Betaling**

- 80% av det totale beløp utbetalast innan 1. februar i avtaleåret.
- Dei resterande 20 % utbetalast når statusrapporten under pkt. 2.5 ligg føre og er godkjent

### **6. Oppdragstakar sitt ansvar**

OPPDRASTAKAR skal gjennomføre OPPDRAGET slik at ønska resultat av OPPDRAGET faktisk kjem fram.

**OPPDRASTAKAR har sjølv ansvaret for at tids- og kostnadsramma ikkje vert overskridt.**

### **7. Oppseiing**

**Avtalen gjelder til oppdraget er fullført, men kan skriftleg seiast opp av OPPDRAGSGIVAR/ OPPDRAGSTAKAR med 3 månaders varsel.**

OPPDRASTAKAR kan, dersom OPPDRAGSGIVAR endrar OPPDRAGET sitt omfang eller innhald vesentleg, seie opp avtala med 3 månaders varsel med plikt til å fullføre påbegynt arbeid ut oppseiingstida.

Ved oppseiing skal det gjerast ei forholdsmessig avkorting i beløpet som er utbetalt i forhold til rammeavtala.

### **8. Evaluering**

Oppdraga som blir omfatta av denne avtala skal evaluerast etter maksimum 3 år.  
Evalueringa skal gje grunnlag for moglege kommande vedtak om omfang og innhald i oppdraget og utforminga av avtala.

## **9. Underteikning**

Denne avtale er underteikna i 2 - to - eksemplar, kor kvar av partane beheld 1 - eitt eksemplar.

Bergen, den .....2011

-----  
Hordaland fylkeskommune

-----  
Regionsenteret for Husflidsnæring